

Protokoll fra møte i Utdanningsutvalet 07.05.2025

Stad: Styrerommet – Muséplass 1, kl. 09.00-12.00

I Innkalling og dagsorden

Innkallinga og dagsorden blei godkjent. Ingen saker til eventuelt.

Forfall/vara:

Sigrunn Eliassen melde forfall

Christine Stoltz Olsvik møtte for Halvard Haukeland Fredriksen

Jostein Gundersen møtte for Åsil Bøthun

II Protokoll frå møtet 19. mars 2025

Protokollen blei godkjent

III Orienteringar

Erfaringsdeling – erfaringsbasert master i offentlig forvaltning (UiB/NHH) ved Lise Rykkja og Jill Loga

Bakgrunnen for masterprogrammet var eit ønske om kompetanseløft i den sentrale statsforvaltninga. Prosjektet blei lagt ut for anbod som UiB og NHH fekk tilslag på. Programmet er fleirfagleg og har bidrag frå statsvitskap, rettsvitskap, samfunnsøkonomi og innovasjon og omstilling.

Programmet er ei fellesgrad tilbydd av UiB og NHH og har totalt 90 studiepoeng. Utdanningen samlar to institusjonar og fire fagmiljø i samarbeid, og er koordinert frå Institutt for politikk og forvaltning.

Utdanningsutvalet understreka at det er forkinga og dei sterke forskingsmiljøa som har gjort fellesgraden mogleg.

Sak 12/25 Karakterfastsetjing ved eksamen som har fleire delar

Saka galdt eit forslag om endre UiBs studieforskrift på ein måte som gir fagmiljøa større fagleg fridom i sensuren for høvesvis deleksamen og for justerande munnleg eksamen. I begge tilfella har fagmiljøa spelt inn at det noverande regelverket ikkje er føremålstenleg, fordi dei i enkelte tilfelle fører til at den endelege karakteren ikkje speglar det faglege nivået til studenten.

Utdanningsutvalet merkte at saksnotatet på side seks burde vere klarare, fordi sakspapira kan gi inntrykk av at forhold som gjeld fusk eller mistanke om fusk skal handterast under sensuren.

Utvalet diskuterte fleire aspekt ved deleksamen og justerande munnleg, inkludert

- I kva grad studenten kunne eller burde bli prøvd i faglege spørsmål utan direkte tilknytning til masterprosjektet (eller anna eksamenssvar)
- Korleis og på kva tidspunkt poengsummen til kvar eksamensdel skal definerast.
- Variasjonar mellom fagmiljø knytt til den mellombelse karakteren.

Utdanningsutvalet tilråda at forslaga om ny studieforskrift blir fulgt opp vidare.

Sak 13/25 Orientering – Utdanning i Bergen (ved Michelle Green)

Leiar Michelle Green orienterte generelt om skipinga og medlemene i Utdanning i Bergen, og deira aktivitetar og fokusområde, inkludert koordinering av open dag, fellesarrangementet Hallaien under velkomstveka og aktivitetar knytt til samhandling og erfaringsutveksling. Utdanning i Bergen har også gode nettsider, med forskjellige tenester for studentane.

Eitt av måla for organisasjonen er å bidra til at nyutdanna oppfattar regionen som ein attraktiv stad å bli verande. Dei gjennomførte derfor ein pilot kalla Karrierekatapult i starten av 2025.

Representantane i utdanningsutvalet hadde fleire innspel til Utdanning i Bergen sine aktivitetar, og dei gjort merknad om at open dag blei arrangert på eit tidspunkt då elevane allereie har avgjort kva og kor dei vil studere og at helseføretaka ikkje var inkluderte i karrierekatapult-piloten. Utdanningsutvalet var nøgd med planane for Hallaien i 2025.

Utvalet tok Michelle Green si presentasjon, til orientering.

Sak 14/25 Opptak og rekruttering til master

Det blei innleiingsvis informert om webinar om masteropptaket etter lunsj 7. mai.

Utdanningsutvalet sine representantar var svært nøgde med å få presentert tala i saksnotatet. Utdanningsutvalet la vekt på at det var viktig å få talfesta kostnaden ved manglande rekruttering til masterprogramma, og av manglande gjennomføring. Enkelte representantar trakk fram at det ville bli lettare å prioritere desse spørsmåla når ein kunne vise til kostnaden.

Det vart likevel kommentert at fakultetsoversikta kunne skjule store variasjonar for forskjellige masterprogram på same fakultet.

Utdanningsutvalet drøfta forskjellige tiltak som kunne føre til ein auke i søknadstala, inkludert

- Fjerning av særskilte opptakskrav (enkeltemne, tal studiepoeng innan eit fagområde, høgare karaktersnitt)
- Høvet til å sende tilboda på eit tidlegare tidspunkt
- Organisering og samarbeid knytt til å «flytte» søkarar frå eit masterprogram til eit anna på UiB
- Betre informasjonsflyt
- Kommunikasjon med søkarar. Det bør klargjerast:
 - Kven ein kan og bør kontakte, og når
 - Høflegheitsstandard, kjørereglar og fristar
 - Behov for administrative ressursar
- Ein felles masterdag for UiB

Eit element som også blei løfta fram var dei store endringane som har blitt gjort i den vidaregåande skulen, og at dei endringane sjølvstekt verkar inn på kva for søkarar institusjonane får. UiB må tilpasse seg denne situasjonen, også når det gjeld opptak og opptakskrav til master.

Sak 15/25 Tildeling av insentivmidler 2025

Utdanningsutvalet blei først orientert om innstillinga frå komiteen, inkludert at dei hadde lagt vekt på kor konkret budsjettpostane i søknadene var.

Utdanningsutvalet trefte dette vedtaket:

Utdanningsutvalet vedtar å tildele insentivmidler for utdanningskvalitet i 2025 i samsvar med innstillingen frå den oppnevnte vurderingskomiteen.

Sak 16/25 Status resedignprosjekter for innlemming av digital kunnskap og forståelse i utdanningene ved UiB

Institutt for fysikk og teknologi har fått midler til redesign av studieprogrammet i fysikk, der digitalisering (i dette tilfellet programmering) skal vere ei integrert del av programmet. Professor Johan Alme presenterte redesignprosjektet. . Fagleg tilsette har designa oppgåver på ein måte der studenten kan velje å svare direkte, med hjelp frå delspørsmål og med hjelp frå hint. Dei arbeidar og med å lage framlegg til prompts som gjer at ChatGPT (eller liknande) kan gi tilbakemelding på kodane studentane har laga.

Resultatet av prosjektet har så langt vist at studentane presterer innanfor standardavviket med tanke på både gjennomføring og karaktersnitt. Dei har fått gode tilbakemeldingar frå gruppeintervju, og arbeidar med å få på plass ei «Fysikkstue» liknande den som allereie eksisterer for matte (også ved NT-fakultetet).

Utvalet tok Johan Alme si orientering, og saka som heilskap, til orientering.

Sak 17/25 Orientering om studiestart og velkomsuken

Utdanningsutvalet blei informert om at velkomstveka er i rute, og tok saka til orientering.